



Vegvisar Valen

Postveg 2007 Årdring frå Valen til Helland



Kr 20

Utgjeven av Valestiftinga 2007
Inntekta går til tilrettelegging av turstiar i nærområdet

Posten på Valen

Poståpneriet **5450 Valen i Fjeldberg** vart oppretta på garden Valen den 1. oktober 1845. Postnamnet var EID I FJÆLDBERG. Frå 1870 åra er nemninga EID I SØNDHORDLAND. Propriitar Jens Fredrik Undall på Valen var truleg den første postopnar. Han stod og for etableringa av Eid Sokn Sparebank og mange andre allmennyttige føretak. Han døyde i 1846 berre 43 år gammal.

Første postopnar som er nemnt i postarkiva er Gaardeier Lars Knutson Munketeigen frå 1. juli 1849. Det er rimeleg å tru at postopneriet i Teigen vart oppretta då.

Frå 1. desember 1893 vart namnet endra til SUNDE I SØNDHORDLAND og 1. april 1904 vart poståpneriet flytta til dampskipsanløpstedet SUNDE.

5451 EIKELAND Brevhus vart oppretta 1. mai 1903. Brevhusbestyrer var J. G. Eikeland. Brevhuset vart nedlagt alt den 1. september 1904 då postopneriet Valen i Søndhordland vart etablert ved "Dampskipsanløpstedet Valen i Søndhordland i Fjelberg hered". Første postopnar/bestyrar var Propriitar Wilhelm Frimann Undall. Han døyde i 1928, men det er ikkje nemnt andre styrarar før 15. juli 1939 då Nora Dahl Handeland overtek posten på Valen.



1 Ruta vår går frå Oppvekstsenteret på Valen til Hellandsbrua på Husnes.

2 Husmannsplassar på Vale-heio.

Øvre Kalleberg

På husmannsplasset Øvre Kalleberg like nord for Valen oppvekst-senter budde på slutten av 1800 åra husmannen Torstein. Han vart kalla "Klubba-Torstein" eller og Torstein Putra. Torstein var sanningsvitne på at huldera heldt til i Valemarka. Han henta høy langt til fjels og lagra det oppe i Juvet i Valelia på ein stad som er blitt kalla Torsteinslidleren.


Heio

Husmann på Heio frå 1860 åra, Ola Endreson som og var murar, var etter tradisjon i Valebygda leiar for bygginga av Vardhaugselet. Han budde på plassen som stod like nedanfor vegen ved butikken på Valen.

3 Eikeland

Frå tidleg tid har garden truleg vore knytt til Valen, men Eikelandsgarden kom i mellomalderen inn under Halsnøy kloster si eiga som og Handeland og Teigen. Det gamle hovudetnet på Eikelandsgarden låg opp i hellinga mot sør på Eikelandshaugen med ei flott utsikt sørover mot Valebygda.

Garden vart sjølveigd frå 1758 då Paul Olson Eikeland kjøpte garden frå klosteret. Den samme slekta med Paul etter Paul finn vi frå slutten av 1600-talet. Anfinn, Ola og Jens er og namn som går att på Eikeland på mannssida.



Kring 1830 vart garden delt. Bruk 2 som låg til sjøen var kring 1900 eigd av Johannes Gunnarson Eikeland. "Muffen" som han vart kalla, hadde den første butikken her i bygda.

Siste gardbrukaren av gamleslekta på hovudbruket var Anfinn Jonson Eikeland (1895 – 1956). Han var gift med Marie Bjøndesdotter Fjellhaugen, eller "Maja" som ho og var kalla. "Majo på Haugen" budde som enkje på Eikelandshaugen nokre år til ho selde hovudbruket på Eikeland til Øystein Eskeland på slutten av 1950-talet.

Øystein Eskeland frå Stord hadde kjøpt bruk 2 på Eikeland i 1931. I hans tid vart det tatt ut ikkje så lite sand frå dei øvre delene av garden. Han dreiv og med hesteavl og eska fram mange gode travhestar som vart vinnarar på travbanane rundt om kring i landet på 1960- og 70-talet. Sonen Severin tok over garden på 1980 talet og har drive Ritell og hesteaktivitetar her i mange år. Garden har og vore stemmeplass for mange andre aktivitetar, mellom anna "Off Road" motorsport og andre alternative heste og motorsport-treff med stor interesserte frå heile landet.

4 Teigadalen

"Tussagrytene"

Midt oppe i Teigadalen på vegen nordover forbi Sørå Reset går det ein liten avstikker til høgre frå Postvegen. Her oppe i berget ligg Tussagrytene. To Jettegryter på sida av ein annan.

"Gjest Bårdsen-skatten" skal vera göymt i Teigadalen ein stad. Klokkå 12 på dagen skin sola inn nøkleholet i skattekista. Det har vore leita i mange år etter denne skatten, utan at nokon har funne denne



5 Vikefjell

Asbjørnsen fortel i eventyret "En Vestnorsk Skovdal" at troll og tussar i Trodlåsen på Valen flytta ut då Valefolket ikkje lenger ville ha noko med dei å gjera. Dei flytta då ut til Vikefjell og har truleg halde til her sidan.



6 Teigen

Teigen var, som namnet tilseier, ein del av noko, her klostergodset Halsnøy kloster. Det seiast at ein del av av tilfanget av urter og medisiner klosteret framstilte og brukte vart dyrka her. Krydder til kryddring av brennevin munkane laga henta ein og i åkrane i Teigen. Ein tenker seg at munkane la til ved Grøneberget, gjekk opp Moldbrekko og tok ein sup av Olavs- eller klosterkjeldo, og snart såg den fine teigen under seg, idet den smale Teigadalen var tilbakelagt. Det finst få spor etter Teigen før det er registrert som klosterjord. Etterkvart vart bruket eit bygsel, for så å bli sjølveigande i 1753 Munketeigen.låg frå gammalt av under Halsnøy kloster som og namnet og kan tyda på.

Kring 1700 var det Vale-bonden som var eigar i Teigen.

Lars Knutson Teigen er nemnt som Poståbner i 1865.

Her ligg det fyrste postkontoret i distriktet vårt: EID I SØNDHORDLAND, som vart oppretta i 1849."



7 Sundsteigen, (Kirketeigen)

Sundsteigen var opphavelag ein skogateig under Sunde, men vart seinare eigd av Eid-kyrkja. Jens Undall på Valen kjøpte Eidkyrkja med tilhøyrande eigedomar og skilde ut Kirketeigen som då vart husmannsplass under Valen i 1801. Kring 1860 vart bruka i Sundsteigen kjøpt ut av dei som sat som brukarar.



8 Hellandsbrua

Den gamle Hellandsbrua på Husnes er restaurert og står i 2007 fram nyrestaurert med sine 4 løp. Ein god dugnadsinnsats er gjort og eit framifrå arbeid er utført. Statens Vegvesen, Kvinnherad kommune og Valestiftinga har delt på utgiftene for å få dette til.

